

Fra: erlend.kleiveland@gmail.com
Sendt: 06.07.2022 12:18:38
Til: Marie Victoria Rekdal Skogrand <marie.skogrand@alver.kommune.no>
Emne: SV: Utbetalingsanmodning SMIL-prosjekt Agros nr 150132

Hei

Vedlagt ligg etterspurt dokumentasjon. Stein kjøpt frå NGIR, transport utført av Nortrans. I tillegg har eg brukt noko stein frå eigen gard.

Mvh.
Erlend Kleiveland
Nævdal 133
5957 Myking
Tlf 41 51 91 42

Fra: Marie Victoria Rekdal Skogrand <marie.skogrand@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 6. juli 2022 11:03
Til: erlend.kleiveland@gmail.com
Emne: SV: Utbetalingsanmodning SMIL-prosjekt Agros nr 150132

Flott! Det hadde vore fint om du fann faktura på to grinder til, sidan du har fått løyving på tilskot til 4 grinder.
Om du har kjøpt inn stein til føringsplassen skulle eg gjerne hatt bilag på den og, om du har bilag på det.

Mvh

Marie Skogrand | Rådgjevar Landbruk

Telefon: +47 45 33 01 83

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: erlend.kleiveland@gmail.com <erlend.kleiveland@gmail.com>
Sendt: onsdag 6. juli 2022 09:24
Til: Marie Victoria Rekdal Skogrand <marie.skogrand@alver.kommune.no>
Emne: SV: Utbetalingsanmodning SMIL-prosjekt Agros nr 150132

Hei

Vedlagt ligg faktura på innkjøpt gjerdemateriell i fjor (Fjermestad).

Som du ser er innkjøpet mykje større enn det som er omsøkt. Eg kjøper inn i litt store kvanta for å få gode prisar. Eg skiftar også ut ein del gjerder som eg ikkje søker om midlar til. Nokre grunder er laga av materiell (28x120) kjøpt hjå H. Gulbrandsøy (fakturaen viser innkjøpet til ei grind, i tillegg kjem det not, krampar etc), ei grind er kjøpt ferdig hjå Felleskjøpet (dei 3 postane nedst på faktura vedlagt).
Gje meg ein lyd dersom du treng meir dokumentasjon, eg kan finna fleire fakturaer på 28x120 frå H. Gulbrandsøy til grunder dersom det er påkrevd.

Mvh.
Erlend Kleiveland
Nævdal 133
5957 Myking
Tlf 41 51 91 42

Fra: Marie Victoria Rekdal Skogrand <marie.skogrand@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 6. juli 2022 09:06
Til: erlend.kleiveland@gmail.com
Emne: Utbetalingsanmodning SMIL-prosjekt Agros nr 150132

Hei,

Kan du sende kvittering på innkjøpt gjerdemateriell for saka «re-etablera beitemark på Nævdal GBNR 35/1». Eg treng dokumentasjon på medgåtte kostnader for å handsame førespurnad om utbetaling. Systemet vert sommar-stengt for utbetalingar i tre veker frå og med neste veke, så det er ein fordel om du får til å sende dette ganske raskt, om du vil ha utbetaling før sommaren.

Mvh

Marie Skogrand | Rådgjevar Landbruk

Telefon: +47 45 33 01 83

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE